



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 15/2023

Møtedato: 13.06.2023 Møtestad: Buaråne

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S 719, Bukono\_Byggesøknad

Anne Synnøve Paulsen Semeleng har søkt om å bygge på 2 meter på sælet, grunna rote i inngangsparti osv. I følgje kommunalt register er sælet i dag på ca 60 m2 BRA.

Saka er sendt på høyring, og det er komme følgjande uttaler:

### Statskog:

Ingen innvendingar til at byggeløyve gjes til restaurering/tilbygg, jfr teikningar

Innlandet fylkeskommune – kulturvern

Ingen merknader, Følg lokal byggeskikk for å redusere verknader for kulturlandskapet.

### **Vurdering:**

Stølen er i drift, jfr uttale frå Vestre Slidre kommune.

Med tida og tilhøve, er det behov for eit utvida inngangsparti når dette sælet uansett skal restaurerast.

Jfr byggeteikningar er byggestil i tråd med lokal byggeskikk. Administrasjonen tilrår med dette å godkjenne omsøkt byggesøknad.

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret i Vestre Slidre godkjenner etter stølsforskriften §10 omsøkt tilbygg av sæl på 94/1/719, jfr vedlagte byggeteikningar.

### **Vedtak:**

Fjellstyret i Vestre Slidre godkjenner etter stølsforskriften §10 omsøkt tilbygg av sæl på 94/1/719, jfr vedlagte byggeteikningar.

*Vedtaket er samrøystes.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 13.06.2023

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Innlandet fylkeskommune  
Stølsbrukar